



Vinnaren mottok prisen i det rette element, på heimstaden til Johannes Kleppevik. Staden bugnar av kystkultur.



Vivian Steinsland ho takka alle som har løfta ho fram. Ho takka alle som hadde nominert ho og til dei som har trua på ho.

Rørt prismottakar:

– Kleppevik er framleis mitt store førebilete



Her fekk Vivian Steinsland veta at ho vann prisen. Ho var tydeleg rørt. ALLE FOTO: HENRIETTE GOLTEN VALEN



Vivian Steinsland avslutta takketalen med å synga songen til Johannes Kleppevik: Mitt Heimstadland. Ho og dottera Anabelle Steinsland Whitfield (10 år) framførte songen med ekte hjartevarme.

Vivian Steinsland er årets vinnar av Johannes Kleppevik sin minnepris.

Då Vivian Steinsland fekk beskjed om at ho var nominert til minneprisen, vart ho veldig glad. Det gjekk likavel ikkje heilt opp for henne at ho var årets prismottakar før ho stod på scenen, og vart omfavna av Marlen Kleppevik, dottera til Johannes.

– Det gjekk verkeleg opp for meg då eg fekk ein klem frå Marlen. Det er ikkje meg det handlar om, det er arva. Eg har respekt for arven dei har fått etter far sin.

– Songane hans er så mykje meir enn musikk. Det er kystkulturarv, fortel ein rørt Steinsland.

Johannes Kleppevik sin minnepris har sidan 2002 blitt delt ut til enkelt-personar som bidrar til å fremje kyst-kulturen i Hordaland. Det meiner juryen at årets vinnar gjer i aller høgste grad.

Skapar engasjement med heile seg
Steinsland brukar fritida si på å vidareføra arven etter Kleppevik med song, musikk og dialekta me finn i Sund kommune. Ho er ei eldsjel som fremjer kystkultur regionalt og lokalt.

– Ho starta barnekoret Kystkulturkoret. Namnet på koret visar eit bevisst val om å halda kystkulturen levande og inspirerande for dei som veks til. Ho evnar å gje borna innsikt og interesse for å lære meir om vår felles kulturarv, fortel Laila Klemetsaune, leiar for kultur i Sund kommune.

Vivian Steinsland takka alle som har løfta ho fram. Ho retta ein stor takk til alle som hadde nominert ho og til dei som har trua på ho.

Prismottakaren er i følge juryen ei som med heile seg skapar engasjement.

– Fokus på kystkultur og bruken av viseskatten til Johannes gjer ho til ein verdig prisvinnar som fortener all heder og ære.

Steinsland komponerer egne songar og opptretr med musikken sin. Ho har framført songane til Kleppevik i 23 år.

– Eg tør å kje meg opp og eg tør å



Songane hans er så mykje meir enn musikk. Det er kystkulturarv.

Vivian Steinsland

formidla. Eg vågar å gjere det. Det er nok mange som er flinkare enn meg, men eg gjer det likevel.

Formidlingsevna har ho etter farmora og far. Han var spelemann og spelte til dans frå han var 16. Han lærte Vivian å ta del i song og musikk og lærte ho alle moglege instrument. Frå ho var 12 år vart ho spurt om å framføra songane til Johannes, då vart vegen lagt vidare.

– Ei ære å få prisen

Kleppevik har betydd mykje for Steinsland. Han var helten hennar når ho var lita.

– Han løfta meg opp og såg meg. Johannes Kleppevik var og er mitt førebilete.

– Kva betyr det for deg å motta prisen?

– Det er ei æra å få han, ei stadfesting på at det eg gjer har ein verdi for fleire. Då har eg inspirasjon til å forsetje.

– Kvifor er identitet viktig for deg?

– Det er viktig å helda på dialekta, det er greit å vera stril. Det er viktig at ungane lære at det er greit å snakka sånn som mamma og pappa.

Steinsland vil gjere ungane bevisste på kven me er og kvifor vi er som vi er, i «Sund på søre Sotra». Ho fortel at berre tiår tilbake var det ikkje kult å vera stril, men at det no er det beste!

– Har du ein ide eller ein draum; våg å gjere det. Når ein blir løfta fram på grunn av eigenskapene sine, då veks ein. Det er viktig at vi gjer det. Vi må heia på kvarandre.

HENRIETTE GOLTEN VALEN